



**DET KONGELEGE  
SAMFERDSELSDEPARTEMENT**

*Statsråden*

Ifølgje liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

17/2385-

13. desember 2019

## **Byvekstavtale Nord-Jæren - utbetaling av belønningsmidlar for 2019**

Eg viser til siste og avsluttande forhandlingsmøte for ny byvekstavtale for Nord-Jæren 6. desember 2019. Etter møtet blei forslag til avtale overrekt Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Forslaget er no til lokalpolitisk behandling i kommune- og bystyra på Nord-Jæren og i fylkestinget i Rogaland før det skal behandlast i regjeringa.

I forslaget til ny avtale ligg det mellom anna ein auke i det statlege bidraget av belønningsmidlar. I 2019 har staten allereie utbetalt 100 mill. kr i belønningsmidlar som oppfølging av byvekstavtalen for Nord-Jæren som blei inngått i 2017. Samferdselsdepartementet vil be Statens vegvesen om å utbetale ytterlegare 115 mill. kr, slik at samla statleg bidrag i 2019 blir 215 mill. kr. Dette er i tråd med gjennomsnittleg årleg beløp i 2019-prisnivå i forslaget til ny avtale.

Samferdselsdepartementet legg til grunn at midlane blir nytta i tråd med det overordna målet i forslag til ny byvekstavtale for Nord-Jæren, og at det blir rapportert på bruken av midlane til Statens vegvesen.

Eg tek atterhald om tilslutnad til forslaget til ny avtale i den lokalpolitiske behandlinga og frå regjeringa. Eg føreset at den lokalpolitiske behandlinga av forslaget er ferdig innan 1. april 2020. Dette omfattar også dei lokalpolitiske vedtaka om korleis bompengavtalen til regjeringspartia skal følgjast opp gjennom betre kollektivtilbod og reduserte billettprisar. Forslaget til ny avtale kan behandlast i regjeringa etter det. Dersom dei lokalpolitiske vedtaka ikkje er på plass innan fristen, vil eg leggje gjeldande byvekstavtale for Nord-Jæren for perioden 2017-2023 til grunn. Belønningsmidlane vil i så fall bli avkorta påfølgjande år.

Med helsing



Jon Georg Dale

Kopi

Fylkesmannen i Rogaland

Jernbanedirektoratet

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Vegdirektoratet

Adresseliste

Randaberg kommune

Rogaland fylkeskommune

Sandnes kommune

Sola kommune

Stavanger kommune

